

## Notat

### Kulturmidlar 2019 - Festivalar - vurdering og vedtak.

Tiltak:	<b>Nynorske litteraturdagar</b>	Søklar:	<b>Nærøyfjorden verdsarvpark</b>		
Innhald:	<p>Nynorske litteraturdagar er ein festival der litteratur, språk, musikk, kunst og humor er ingrediensane. Årets tema er "LIVSGLEDE", og festivalen blir arrangert frå 18. til 20. oktober. Nynorske litteraturdagar er eit kulturarrangement med mål om å ivareta og fremje den immaterielle og materielle kulturarven med særleg vekt på det nynorske språket, dialektane og den nynorske litteraturen.</p> <p>Nynorske litteraturdagar har mål om å trekke fram kultur som har røter lokalt og regionalt. Festivalen vil vera ekstra på leit etter forfattarar og andre kulturutøvarar som anten bur i eller har sterkt tilhøyre i Sogn og Fjordane.</p> <p>Nynorske litteraturdagar ser potensiale til å vekse, og bidrar til utviklinga av Aurlandssamfunnet og Sogneregionen. Arrangøren jobbar mot eit større regionalt og nasjonalt nedslagsfelt. Dei vil lage eit program som appellerer til ulike målgrupper, med tanke på alder og interesseområde. Nynorske litteraturdagar skal ha regional og nasjonal profil, tufta på ei solid lokal forankring.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Nynorske litteraturdagar si satsing på nynorsk språk og dialekter er i tråd med gjennomgåande perspektiv i regional plan for kultur 2019-2027. Festivalen er prioritert i Festivalstrategien for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren støttar festivalen</p>				
Budsjett:	1 050 000	Søknadssum:	75 000	Vedtak:	<b>75 000</b>

Tiltak:	<b>Jølster Jazzklubb</b>	Søklar:	<b>Jølster Jazzklubb</b>		
Innhald:	<p>Jølster Jazzklubb søker støtte til den tiande «Jazz på Jølst»-festivalen, til utekonsert i lag med Løa-Jølstraholmen og andre tiltak i 2019.</p> <p>Jazz på Jølst blir gjennomført 10.-13. oktober med sju konsertar, m.a. Barnejazzkonsert på laurdagen og eigen konsert ved elevar frå Firda vgs.</p>				

	Jølster Jazzklubb har lagt ved budsjett for sin heilårlege aktivitet, og eit førebels program for aktiviteten gjennom heile 2019. Jazzklubben er støtta med kr 75 000 av Norsk kulturråd si arrangørstøtte musikk.				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Jølster Jazzklubb søkjer om støtte til aktivitetar gjennom heile 2019, men primært til «Jazz på Jølsto»-festivalen. Norsk kulturråd har støtta aktiviteten til Jølster Jazzklubb gjennom si arrangørstøtte musikk med 75 000 kr.</p> <p>HNK har slått fast at fylkeskommunen vil følgje opp statlege løyvingar frå kulturrådet. Fylkesdirektøren støttar festivalen.</p>				
Budsjett:	388 250	Søknadssum:	10 000	Vedtak:	<b>10 000</b>

Tiltak:	<b>Utstyr til Malakoff</b>	Søkjar:	<b>Malakoff Rockfestival</b>		
Innhald:	<p>Malakoff Rockfestival søkjer om støtte til å oppgradere Gymmen Scene &amp; Studio, livescene på Nordfjordeid. Gymmen inneheld to øvingsrom, studio og scene, samt bar, toalett og backstage.</p> <p>Lokala er tilgjengelig for øving kvar dag, kvar veke, heile året bortsett frå dei dagane Malakoff har eigne arrangement i lokala, ca. 25 dagar i året. Per i dag er det grupper og personar som øver kvar dag, mellom 8 og 12 grupper, der dei fleste er ungdom mellom 14 og 20 år. I tillegg nyttar Eid Kulturskule lokala til øving og til kulturskulekonsertar. Vaksenopplæringa og Eid vgs. nyttar også lokala.</p> <p>Alt av teknisk utstyr lyd og lys er frå tida Gymmen vart etablert i 2009/2010 og det meste er modent for utskifting. Malakoff Rockfestival søkjer derfor Musikkutstyrsordningen, kommunen og fylkeskommunen om midlar til framføringsutstyr på Gymmen Scene og øvingsutstyr til Gymmen sine to øvingsrom. Totalbudsjettet er på kr 1 708 216.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Malakoff Rockfestival søkjer støtte til oppgradering av øvingsrom, scene og studio, m.m. Dette vil vere utanfor dei områda fylkeskommunen støttar via kulturmidlane si festivalstøtteordning og utanfor måla i festivalstrategien. Malakoff Rockfestival søkjer også om festivalstøtte, og dei to søknadene blir sett i samanheng. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden om midlar til utstyr.</p>				
Budsjett:	1 708 216	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Malakoff Rockfestival 2019</b>	Søkjar:	<b>Malakoff Rockfestival</b>		
Innhald:	Malakoff Rockfestival er ein ideell organisasjon som arrangerer rockefestivalen Malakoff				

	<p>på Nordfjordeid for 17. gang den 18.- 20. juli 2019. Organisasjonen har også andre arrangement i løpet av året, og driftar Gymmen Scene &amp; Studio. Malakoff Rockfestival engasjerer både lokalsamfunnet og regionen rundt, og har tett samarbeid med mange aktørar.</p> <p>Malakoff Rockfestival har mål om å vere eit fyrstårn for ungdommeleg rock i vestlandsregionen, og skal bringe kunstnarleg innhald av høg kvalitet ut til eit stort publikum. Målgruppa er brei, men ein legg spesielt til rette for barn og ungdom. Publikumstalet i 2018 var på 27 500 og 1200 arbeidde som frivillige på festivalen.</p> <p>Malakoff er ein av dei største festivalane av sitt slag i landet, og har vakse jamt og trutt sidan starten. Målet i 2019 er å produsere den beste festivalen nokonsinne og halde på posisjonen som ein stor og potent rockefestival for barn, ungdom og vaksne på vestlandet. Malakoff Rockfestival legg også vekt på å vere ein veldriven organisasjon med fokus på inkludering, miljø og på å bidra økonomisk til frivillige lag og organisasjonar.</p>					
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Malakoff Rockfestival har etablert seg som ein av Norges største festivalar i sin sjanger, med ei medviten satsing på program, teknisk gjennomføring og tilrettelegging for ulike målgrupper, også dei som ikkje er kjernemålgruppa. Festivalen har fått støtte frå kulturrådet si stønadsordning for musikkfestivalar med kr 300 000 i 2019. Festivalen er også prioritert i festivalstrategien for Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren løyver midlar til festivalen.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>23 225 000</td> <td>Søknadssum:</td> <td>700 000</td> <td>Vedtak:</td> <td><b>100 000</b></td> </tr> </table>	23 225 000	Søknadssum:	700 000	Vedtak:	<b>100 000</b>
23 225 000	Søknadssum:	700 000	Vedtak:	<b>100 000</b>		

Tiltak:	<b>Måløy Havfiskefestival</b>	Søklar:	<b>Måløy Havfiskefestival AS</b>
Innhald:	<p>Måløy havfiskefestival er eit ideelt AS der eventuelt overskot vil bli brukt til ulike kystkulturformål. Festivalen vert arrangert for åttande gong i 2019. Årets festival vert arrangert 6. til 8. juni.</p> <p>Havfiskefestivalen er ein barne- og familiefestival der fiskekonkurranse, kystkultur og sjømat er viktige ingrediensar. I år har festivalen også samarbeid med barneskular og vidaregående skule, og har invitert elevar frå skular i regionen til opplevingsstasjonar der ein kan lære om fiske, kyst og kultur.</p> <p>Søklar har ikkje lagt ved detaljert program eller budsjett som viser planlagte kostnader.</p>		
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Fylkesdirektøren kan ikkje sjå å ha mottatt fullstendig budsjett for Måløy havfiskefestival 2019. Så langt fylkesdirektøren kan vurdere utifrå søknaden har festivalen eit føremål som går ut over det ein tradisjonelt vurderer som kunst- og kulturformidling. Kulturmidlar vert</p>		

	gitt til festivalar som har kultur som hovudføreål. Festivalen har etter fylkesdirektøren sitt syn ikkje ein regional funksjon. Fylkesdirektøren avslår søknaden.				
Budsjett:	136 000	Søknadssum:	45 000	Vedtak:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Fres Festival 2019</b>	Søkjar:	<b>Fres Festival</b>		
Innhald:	<p>Foreininga Fres Festival ynskjer å skipe til festival i Fresvik 25. - 28. juli 2019. Målet er at festivalen skal ha eit så høgt kunstnarleg nivå som mogleg, og at Fres skal feste seg som eit nasjonalt anerkjent namn både blant publikum og i musikkbransjen. Arrangøren ynskjer å fremje Fresvik og Sogn og Fjordane som eit tyngdepunkt for kvalitetsmusikk på Vestlandet.</p> <p>Fres Festival vil presentere artistar som held eit høgt kunstnarleg nivå, og har mål om å fornye programmet frå år til år med dei beste artistane innan rytmisk musikk. Festivalen vil presentere smalare, nyskapande artistar og uttrykk, og gje mindre etablerte artistar sjansen til å opptre på festivalen. Samstundes ynskjer arrangøren å booke meir kjente namn av høg kvalitet for å trekke større mengder musikkinteresserte.</p> <p>Fres har eit tett samarbeid med Utkant knytt til booking og arrangementsutvikling. Festivalen er i 2019 tildelt støtte via Norsk kulturråd si arrangørstøtte musikk på kr 150 000.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Fres festival er ein godt etablert festival og tilbyr publikum ei spesiell konsertoppleving i Fresvik. Festivalen har i 2019 fått støtte frå Kulturrådet si arrangørstøtte musikk. Fylkesdirektøren løyver midlar til festivalen. Støtta er under føresetnad av at det også blir løyvd midlar frå Vik kommune.</p>				
Budsjett:	2 425 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	<b>50 000</b>

Tiltak:	<b>Eggstockfestivalen 2019</b>	Søkjar:	<b>AKKS</b>		
Innhald:	<p>Eggstockfestivalen er ein festival for unge og uetablerte band på Vestlandet, og går av stabelen 5.-7. juni på Det Akademiske Kvarter i Bergen. Festivalen har lange tradisjonar tilbake til 60-tallet som springbrett for unge musikarar. Eggstockfestivalen har fri aldersgrense, låg billettpris og fokus på ungdom. Det er rom for 24 band årleg, og arrangøren stiller krav om at 2/3 av deltakarane i banda må vere under 26 år, og ha røter på Vestlandet.</p> <p>Dei frivillige som jobbar for festivalen er frå 15 år og oppover festivalen er dermed ein god læringsarena. Festivalen har mål om å vere eit viktig bidrag for å gje eit breitt tilbod til regionen sine innbyggjarar, og eit viktig supplement til den yrande musikkscenen.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og</p>				

	publikumspotensiale. Grad av frivillighet og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.				
	Eggstockfestivalen har lang tradisjon som ein festival for unge og uetablerte band. Festivalen blir avvikla i Bergen, og er dermed ikkje innanfor den regionen HNK har vedtatt ein skal støtte festivalar i. Fylkesdirektøren avslår søknaden.				
Budsjett:	311 400	Søknadssum:	30 000	Vedtak:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Kulturfestivalen 2019 – for menneske med utviklingshemming</b>	Søkjær:	<b>NFU Sogn og Fjordane</b>		
Innhald:	<p>Kulturfestivalen er ein festival for vaksne personar med utviklingshemming, og vart arrangert i Førde 29.-31. mars 2019. Festivalen har tilbod om ulike kulturaktivitetar, som musikk, dans, drama og media. Målet er å gje menneske med utviklingshemming eit kulturtilbod med høg kvalitet og gode opplevingar.</p> <p>Arrangørane planla med 100 deltakarar, 100 hjelpepersonar og 30 instruktørar og frivillige. Festivalen er på hotell, som gir den standaren som menneske med utviklingshemming treng for å ha gode buforhold og tryggleik. Dette gjer at personar med store funksjonsnedsetting også kan delta. Gjennom helga skal alle deltakarane lære noko nytt og få sjansen til å vise det dei har lært på ei stor framsyning på slutten av festivalen.</p> <p>NFU er ein interesseorganisasjon for menneske med utviklingshemming og deira pårørande. Organisasjonen arbeider m.a. med å fremje gode aktivitetar for å auke livskvalitet og stimulere til eit inkluderande samfunn; eit samfunn for alle.</p> <p>Kulturfestivalen vert planlagt i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturseksjonen, kultur og helse. Fylket tek ansvar for det faglege innhaldet og å skaffe gode instruktørar. Kommunale helse- og sosialtenester må finansiere og legge til rette for at personar med behov for assistanse skal kunne delta på festivalen. Hjelpemiddelsentralen stiller med utstyr deltakarane treng for å kunne overnatte heimanfrå.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivillighet og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Fylkeskommunen yter ein stor fagleg innsats i samband med arrangementet og dekker utgifter til ein verdi av ca. 30 000 kr knytt til at studentar frå studiet i musikkterapi ved UIB deltek som instruktørar.</p> <p>Fylkesdirektøren oppmodar søkjær til å arbeide med å utvide finansieringskjeldene for arrangementet då det berre er søkt om ein liten sum i kommunale midlar.</p> <p>Trass i at søkjær ikkje oppfyller alle kriteri i festivalstrategien vurderer fylkesdirektøren at dette er eit viktig arrangement for ei gruppe som har få tilbod. Inkludering og kultur for alle er eit prioritert område i kulturarbeidet. På bakgrunn av dette løyver fylkesdirektøren midlar til festivalen.</p>				
Budsjett:	793 000	Søknadssum:	80 000	Tilråding:	<b>70 000</b>

Tiltak:	<b>Teaterfestivalen i Fjaler 2019</b>	Søkjar:	<b>Teaterfestivalen i Fjaler</b>		
Innhald:	<p>Teaterfestivalen i Fjaler blir arrangert for sjuande gang 12. – 17. september 2019. Tema for festivalen er knytt til menneske og samfunn, og ein vil sjå nærare på omgrep som demokrati og folkemakt, organisering og aksjonisme. Festivalen ønskjer å stille spørsmål ved kva menneske er villig til å kjempe for i dag.</p> <p>Målet med Teaterfestivalen er å gje innbyggjarane i kommunen og regionen nye interessante kulturopplevingar. Ein jobbar for fagleg styrking og utvikling av det kunstnariske fagmiljøet i kommunen, og med å styrke Fjaler si rolle som produksjonsstad for kunst og kultur.</p> <p>Arrangøren vil bygge vidare på festivalen sin struktur som før med visningar, symposie og festivallaurdag. I 2019 vil festivalen ha eit breitt tilbod til barn og unge. Her er samarbeidet med Den Kulturelle Skulesekken og kommunane Hyllestad, Askvoll og Fjaler og elevar ved 7. til 10. trinn sentralt.</p> <p>Teaterfestivalen i Fjaler har i 2019 mål om å legge til rette slik at Eirik Fauske og Marie Nikazm sine framsyningar vert produsert i Fjaler i forkant av festivalperioden. Det vert arbeida med å finansiere innkjøp av utstyr til den nye kulturarenaen i «Samvirkelaget» i Fjaler. Målet er at dette skal bli klart til bruk for Teaterfestivalen 2019.</p> <p>Festivalen er ein frivillig organisasjon med sterk lokal forankring, og har ein stor grad av dugnadsinnsats både til planlegging og gjennomføring. Festivalen er støtta med kr 900 000 via Norsk kulturråd.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Teaterfestivalen i Fjaler er godt etablert og har fått 3-årig støtte frå Norsk kulturråd (2018, 2019, 2020). Fjaler kommune støttar festivalen med tenester og gratis leige av lokale. Teaterfestivalen er prioritert i festivalstrategien til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren løyver midlar til festivalen.</p>				
Budsjett:	1 720 000	Søknadssum:	400 000	Vedtak:	<b>350 000</b>

Tiltak:	<b>Kalvåg Kystfestival 2019</b>	Søkjar:	<b>Aktiv Kalvåg</b>		
Innhald:	<p>Kalvåg Kystfestival 2019 blir gjennomført frå 2. til 4. august. På programmet står konsertar med grupper som Hellbillies, revygruppa Vinskvetten, Kokken Tor, Hit for Hit og Vilde og Anna. I tillegg blir det gjennomført aktivitetar, demonstrasjonar, førestillingar og musikkarrangement retta mot barn og familiar. Dette er opne aktivitetar der alle som ønskjer det kan delta på, m.a. skattetokt med seglskuta Svanhild, konsertar for barn og unge, motbakkelop mm. Kystfestivalen 2019 blir arrangert for 11. gang.</p> <p>Festivalen set kystkultur på agendaen gjennom aktivitetar for deltakarar i alle aldrar. Dette bidreg til kunnskapsformidling om kystkulturen, samt overføring av kulturverdiar. Målet er å formidle kystkultur og musikk til endå fleire enn før. Arrangøren har mål om 20 % fleire publikummarar enn i 2018, då festivalen hadde omlag 3000 besøkande.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og</p>				

	<p>nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Så langt fylkesdirektøren kan vurdere utifrå søknaden har Kalvåg kystfestival ikkje ein regional funksjon. Det kjem ikkje fram av søknaden om arrangør har søkt om kommunal støtte. Det er ikkje søkt støtte via Norsk kulturråd. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	2 793 300	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	<b>0</b>

Tiltak: 17/7925-11	<b>Glopperock 2019</b>	Søklar:	<b>Gloppen musikkforum</b>		
Innhald:	<p>Glopperock 2019 blir arrangert av Gloppen musikkforum 16.-17. august, og er godt forankra i regionen etter 39 års drift.</p> <p>Glopperockfestivalen skal gje folk eit kulturtilbod innan musikkretningar som rock, pop og anna rytmisk musikk. Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement skal nå publikum i alle aldrar, med hovudvekt på ungdom. Festivalen tar mål av seg, som i 2018, å lage til eit eige konsertarrangement for barn og ungdom. Arrangøren legg vekt på å ha tidsaktuelle og kunstnarleg kvalitetsmedvitne artistar. Glopperock har mål om å samle publikum frå heile regionen.</p> <p>Glopperockfestivalen sin programprofil skal som tidlegare år, også for 2019 innehalde nye og etablerte norske pop- og rockeband. Arrangørane vil også presentere innovative nye artistar og band.</p> <p>Gloppen musikkforum er også aktive utanom Glopperock, m.a. som medarrangørar av konsertar også på Sandane, Nordfjordeid, Førde og Sogndal hausten 2019.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Ved tildeling av kulturmidlar til festivalar vert Sogn og Fjordane sett på som ein region, det vert ikkje vektlagt anna geografisk spreining. Glopperock er difor ikkje å rekne som ein regional festival. Glopperockfestivalen har ikkje mottatt støtte frå kulturrådet si støtteordning for musikkfestivalar i 2019. På bakgrunn av dette avslår fylkesdirektøren søknaden.</p>				
Budsjett:	1 134 000	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>Utkant 2019</b>	Søklar:	<b>Stiftinga Utkant</b>		
Innhald:	<p>Utkant blir i år arrangert helga 25. – 28. juli. Programmet er delt mellom etablerte norske og skandinaviske artistar, med innslag av nye og spanande artistar. Programmet har ein klar base i rock, men med bredde i andre sjangrar. Årets program vil ha i overkant av 20 namn på plakaten. Utkant har dei seinare åra hatt eit bevisst forhold til andelen av sceneinnslag med kvinneleg frontfigur.</p> <p>Utkant har med åra vist seg å vere ein viktig arena som sosialt treffpunkt for menneske frå heile regionen. Til Utkant kjem folk frå heile landet, med flest besøkande frå Hordaland og</p>				

	<p>Sogn og Fjordane. Festivalen presenterar årleg eit spanande populærmusikalsk program for alle aldrer og representerar eit løft for regionen sitt kulturliv.</p> <p>Festivalen har sidan oppstarten i 2008 vakse frå å vere ein kuriositet på ein holme i Sogn, til å verte ein festival av regional og nasjonal storleik. Utkant er i dag det største arrangementet mellom Bergen og Nordfjord, og samla i 2018 i overkant av 15 000 besøkande. 240 menneske la ned i alt 4800 dugnadstimar på festivalen i 2018. Utkant har hatt stønad frå kulturrådet si festivalstøtteordning sidan 2009, og er for 2019 tildelt kr 350 000.</p>					
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Utkant er ein godt etablert festival som over fleire år har mottatt støtte frå Norsk kulturråd si musikkfestivalordning. Festivalen trekkjer publikum frå både Hordaland og Sogn og Fjordane. Festivalen er ikkje prioritert i festivalstrategien, men har fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar i 2019. Fylkesdirektøren løyver difor midlar til festivalen.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>6 206 500</td> <td>Søknadssum:</td> <td>200 000</td> <td>Vedtak:</td> <td><b>100 000</b></td> </tr> </table>	6 206 500	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	<b>100 000</b>
6 206 500	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	<b>100 000</b>		

Tiltak:	<b>FjordBlues 2019</b>	Søkjar:	<b>Fjæra Bluesklubb</b>
Innhald:	<p>FjordBlues-festivalen på Sandane har vore arrangert kvart år sidan 1998, og blir i år arrangert 17. – 20. oktober. FjordBlues er i dag ein festival med publikum frå heile fylket, men og frå andre delar av Vestlandet. Fjæra Bluesklubb ønskjer å utvikle festivalen vidare som ein viktig og velorganisert festival med høg kvalitet.</p> <p>I fjor deltok 11 artistar/band som heldt 19 enkeltkonsertar i løpet av tre dagar. Gloppen Hotell er hovudarena for festivalen, men det var òg framsyningar i kultursalen i Trivselshagen for barn og unge. Nesten halvparten av det totale publikumstalet i 2018 var barn og unge. I tillegg er det gratis konsertar i sentrum, som er opne for folk i alle aldrar. Festivalen har eit godt samarbeid med Firda Vidaregåande skule.</p> <p>Fjæra Bluesklubb har mål om at festivalen skal ha internasjonale artistar, nasjonale kjende artistar, regionale artistar og meir lokale artistar, samt nye "upcoming" artistar.</p> <p>FjordBlues har fått tildelt Festivalstøtte frå Norsk Kulturråd med kr 100 000 for 2019. Gloppen Kommune har signalisert at dei håpar å kunne auke støtta til festivalen også i år.</p>		
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Fjordblues er etablert seg som eit bluesarrangement med godt omdøme i bluesmiljøet. Festivalen har tilbod til barn og unge. Fjæra bluesklubb har fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar i 2019.</p>		



	FjordBlues 2019 representerer ein eigen sjanger blant festivalar i fylket og difor er med å gje større breidde innan feltet. Dette er i tråd med at støtteordninga skal vere med å fremje eit allsidig kulturliv i fylket. Ein føreset kommunal medfinansiering. Fylkesdirektøren løyver midlar til arrangementet.				
Budsjett:	790 000	Søknadssum:	90 000	Vedtak:	<b>70 000</b>

Tiltak:	<b>Gloppen musikkfest 2019</b>	Søkjar:	<b>Stiftinga Gloppen musikkfest</b>		
Innhald:	<p>Gloppen Musikkfest blir arrangert 2.-8. september. Festivalen vart etablert i 2003, og har etter kvart utvikla seg som ein viktig kulturaktør i Sogn og Fjordane. Kjerneaktiviteten er å skipe til ein årleg festival for klassisk kammermusikk, men Gloppen musikkfest skal også stimulere musikk- og kulturlivet i fylket utanom festivalperioden. Under årets festivalveke er det planlagt konsertar i Fjaler, Jølster og Innvik, i tillegg til arrangement i Gloppen.</p> <p>Gloppen Musikkfest 2019 har fått namnet KRINGLA HEIMSINS – som er det gamle norrøne ordet for jordsirkelen. Arrangørane vil ta publikum med ut i verda under årets festival, og finne musikk frå andre kontinent enn vårt eige ved å hente musikarar med anna kulturbakgrunn enn vår norske/nordiske/europeiske. Sidan 2013 har GMF også satsa på å løfte fram "Unge klassikarar" frå fylket.</p> <p>GMF har hatt fleirårig støtte frå Norsk kulturråd sidan 2013, og er tildelt kr 425 000 i 2019.</p>				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Gloppen musikkfest er ein godt etablert festival med fleirårig støtte frå Norsk kulturråd. Festivalen er den einaste av sitt slag i fylket, og har ambisjonar om å tilby konsertar også andre stader enn i Gloppen i festivalveka. Ein har også planar om å utvikle festivalen gjennom nye formidlingsmåtar og arenaer. Festivalen er prioritert i festivalstrategien og har utviklingsavtale med fylkeskommunen. På bakgrunn av dette løyver fylkesdirektøren midlar til Gloppen musikkfest.</p>				
Budsjett:	1 200 000	Søknadssum:	150 000	Vedtak:	<b>150 000</b>

Tiltak:	<b>Målrock 2019</b>	Søkjar:	<b>Stiftinga Målrock</b>		
Innhald:	<p>I 2019 er det 16 år sidan Målrock såg dagens lys fyrste gong, og festivalen har sidan starten blitt eit sentralt kulturelt samlingspunkt i Sogn. Årets festival er planlagt 9. og 10. august. Festivalen prioriterer artistar og band som syng/uttrykkjer seg på dialekt og norsk, men samstundes med tydeleg fokus på kvalitet og variasjon. Målgruppa er musikkinteresserte i alle aldrar med nedslagsfelt og marknadsføring i heile Sogn og Fjordane i tillegg til deler av Valdres, Hordaland og Hallingdal.</p> <p>Det står 4-5 artistar på scena i Meieriparken kvar kveld. Festivalen i seg sjølv har ingen aldersgrense, og har hatt mellom 4000 og 6000 besøkande til kvar festival dei siste tre åra. Festivalen er organisert som ei stifting med eit styre som jobbar frivillig, og har tette band med omtrent alle lag og organisasjonar i Årdal. Festivalleiinga har mål om å satse på ein kombinasjon av reiseliv, kulturliv og friluftsliv også ved festivalen i år.</p> <p>I 2018 starta Målrock eit tettare samarbeid med Hugin Musikkforum, og festivalarenaen i Meieriparken blir for alvor ei scene også for lokale artistar. Arrangøren er i dialog med</p>				

	Årdal Kommune og kjem til å søkje om kulturmidlar her også for festivalen i 2019.				
Vurdering:	<p>I HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Målrock har som føremål arrangere ein festival i Årdal som skal fremje musikk på nynorsk og dialekt. Det er i tråd med gjennomgåande perspektiv i regional plan for kultur 2019-2027. Festivalen satsar på ein kombinasjon av reiseliv og kultur med tilbod om friluftsliv/ turar på dagtid i tillegg til dei tradisjonelle utekonsertane i Meieriparken. Dette gjev publikum eit breiare tilbod og ein tilleggsverdi. På bakgrunn av dette løyver fylkesdirektøren midlar til Målrock 2019.</p>				
Budsjett:	2 528 836	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	<b>50 000</b>

Tiltak:	<b>Balejazz 2019</b>	Søklar:	<b>Stiftinga Balejazz</b>		
Innhald:	<p>Balejazz vert arrangert 3.-5. mai i Balestrand. Festivalen er intim og konsentrert rundt Balestrand sentrum med arrangementsstader som alle er i gåavstand til kvarandre. Sentrum for festivalen er Kviknes Hotel der hovudarrangementa og utekonserten finn stad.</p> <p>Balejazz er ein viktig arena for jazz og rytmisk musikk i Sogn og Fjordane. Festivalen tilbyr 16 – 20 kvalitetskonsertar. For næringslivet er festivalen eit viktig supplement i ein elles stille periode. Balejazz tar ansvar for talentutvikling for musikklivet i regionen gjennom kurset «Unge Talent». Kurset gjev ungdom frå Vestlandet høve til å få undervisning av dei beste kreftene innan jazz og rytmisk musikk.</p> <p>Balejazz ønskjer å vidareutvikle rolla ein har tatt som ein spanande, nyskapande og dynamisk jazzfestival i Noreg og Norden. I 2019 har ein planar om å kunne eksperimentere med tilstøytande sjangrar og kople to eller fleire artistar saman slik at ein får nye og spanande musikalske konstallasjonar. Ein ønskjer spesielt å nytte musikarar frå Sogn og Fjordane til desse møta.</p> <p>Balejazz samarbeider med Vestnorsk Jazzsenter om arrangementet og er i 2019 støtta med kr 200 000 frå Norsk kulturråd si arrangørstøtte musikk.</p>				
Vurdering:	<p>HNK-sak 22/19 vedtok hovudutvalet for næring og kultur føringar for prioritering av støtte til festivalar. Festivalar som ikkje mottar støtte frå vertskommunen kan ikkje forvente regionale løyvingar. Det same gjeld for musikkfestivalar som ikkje får støtte frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region. Festivalar som sjølv produserer innhald, som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Det blir lagt vekt på talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene, formidlingsevne og publikumspotensiale. Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til barn og unge vert dekkja av alle festivalar og ikkje lagt avgjerande vekt på.</p> <p>Balejazz er ein godt innarbeidd festival og den største jazzfestivalen i fylket. Festivalen satsar på talentutvikling gjennom eit eige kurs for ungdom. Festivalen er tildelt midlar frå kulturrådet si støtteordning til musikkfestivalar. Fylkesdirektøren løyver støtte festivalen. Vi føreset kommunal medfinansiering.</p>				
Budsjett:	2 485 000	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	<b>150 000</b>